



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Daniel Borge Kristensen	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 20/730	Løpenr: 23/8237
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	14.09.2023	077/2023

Val av medlemmer i ungdomsrådet 2023-2025

14.09.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Oskar Røen (MDG) spurde om det er moglegheit for at ungdomsrådet kan få presentera seg sjølv i samband med eit kommunestyremøte. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han vil ordna med slik invitasjon til ungdomsrådet til neste kommunestyremøte.

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS- 077/2023 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner ungdomsrådet slik det er sett opp i saksutgreiinga. Rådet konstituerer seg og vel sjølv leiar og nestleiar i det første møtet hausten 2023.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner ungdomsrådet slik det er sett opp i saksutgreiinga. Rådet konstituerer seg og vel sjølv leiar og nestleiar i det første møtet hausten 2023.

Dokument som er vedlagt:

Vedtekter for samnanger ungdomsråd - vedtekne 21.10.2021

Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknader

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Ifølgje vedtektene til ungdomsrådet skal det vera 6 medlemmer og 2 varamedlemmer. Elevrådet på ungdomsskulen har ansvar for å koma med forslag om 3 representantar og 1 vararepresentant. 3 representantar med 1 vararepresentant vert valde frå aldersgruppa 16-18 år av kommunestyret. Medlemene i ungdomsrådet vert valde for 2 år. Halvparten av medlemene vert valde kvart år; medlemmer frå ungdomsskulen det eine året og medlemmer frå aldersgruppa 16-18 år det andre året.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Det har komme søknad frå ein person i alderen 16-18 år. Søkjar er:
Dina Kvittingen

Konsekvensar:

Dina Kvittingen har vore med ein periode i ungdomsrådet og ønskjer og vera med i ein ny periode. Ungdomsrådet vil då ha følgjande medlemmer:

Medlemer 16-18 år:

Dina Kvittingen (periode 2023-2025)

Isa Haugen (periode 2022-2024)

Sara M. Flatøy (periode 2022-2024)

Medlemer frå ungdomsskulen:

Daniel S. B. Totland (periode 2023-2025)

Carl Tveit (periode 2022-2024)

Julia Steinsland-Hauge (periode 2022-2024)

For å få eit fulltalig ungdomsråd treng me framleis 2 varamedlemer. Ungdomsrådet og sekretær for ungdomsrådet skal jobba med å rekruttera desse i løpet av hausten 2023.

Ungdomsrådet konstituerer seg i første møte i september.